

KOMMISJONSVEDTAK

2009/EØS/63/29

av 30. mai 2005

om endring av vedlegg I til vedtak 2003/634/EF om godkjenning av programma med sikte på å gje soner og oppdrettsanlegg i soner som ikkje er godkjende, status som godkjende med omsyn til fiskesjukdommane hemoragisk virusseptikemi (VHS) og infeksøs hematopoietisk nekrose (IHN)(*)

[meldt under nummeret K(2005) 1563]

(2005/414/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 91/67/EØF av 28. januar 1991 om krav til dyrehelse ved omsetning av akvakulturdyr og akvakulturprodukter⁽¹⁾, særleg artikkel 10 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Ved kommisjonsvedtak 2003/634/EF⁽²⁾ vart dei programma som ulike medlemsstatar har lagt fram, godkjende og førde opp i ei liste. Programma er utarbeidde for at medlemsstatane seinare kan innleie framgangsmåtane for at ei sone eller eit oppdrettsanlegg i ei sone som ikkje er godkjend, skal få status som godkjend sone eller som godkjent oppdrettsanlegg i ei sone som ikkje er godkjend, med omsyn til fiskesjukdommane hemoragisk virusseptikemi (VHS) og/eller infeksøs hematopoietisk nekrose (IHN).
- 2) Italia har ved brev av 23. september 2004 søkt om godkjenning av det programmet som skal nyttast i sona «Zona Valle di Tosi». Den framlagde søknaden er funnen å vere i samsvar med føresegnene i artikkel 10 i direktiv 91/67/EØF, og programmet bør difor godkjennast.
- 3) Vedtak 2003/634/EF bør difor endrast.

- 4) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

I vedlegg I til vedtak 2003/634/EF vert nytt nr. 3.6 sett inn etter nr. 3.5, og skal lyde:

«3.6. DET PROGRAMMET SOM VART LAGT FRAM AV ITALIA FOR REGIONEN TOSCANA 23. SEPTEMBER 2004, OMFATTAR:

Zona Valle de Tosi

- nedbørfeltet til elva Vicano di S. Ellero, frå kjeldene fram til demninga ved Il Greto nær landsbyen Raggioli.»

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 30. mai 2005.

For Kommisjonen

Markos KYPRIANOU

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 141 av 4.6.2005, s. 29, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 103/2006 av 22. september 2006 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantasaneitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 60, 30.11.2006, s. 12.

⁽¹⁾ TEF L 46 av 19.2.1991, s. 1. Direktivet sist endra ved forordning (EF) nr. 806/2003 (TEU L 122 av 16.5.2003, s. 1).

⁽²⁾ TEF L 220 av 3.9.2003, s. 8. Vedtaket sist endra ved vedtak 2005/67/EF (TEU L 27 av 29.1.2005, s. 55).